


Språknytt



Grammatikk for fall

side 18



Leiar

Eit norskfag utan identitet

ELEVANE LÆRER FOR LITE språk i norskfaget. Det kan høyrast rart, men dit har me altså komme. Språkprofessorar ved universiteta fortel at mange av studentane deira ikkje kjenner skilnaden mellom subjekt og substantiv. Dei meiner at nivået er blitt lågare og lågare dei siste åra.

Ludvigsen-utvalet, som leverte ein NOU om framtidens skule, slo fast at skulefaga er så fulle av innhald at noko må ut, slik at elevane skal få meir tid til djupnelæring. Dét er utgangspunktet for dagens arbeid med nye læreplanar i skulefaga. Utgangspunktet er godt, for det kan føre til at skulen satsar meir på grunnleggjande språklæring.

Men etter å ha sett det siste utkastet til kjerneelementa for norskfaget fryktar eg at me held fram i det gamle sporet, med «utforskning» og «eksperimentering» i staden for konkret læring.

Nyleg høyrde eg nokre 15–16-åringar seie at norsk er det faget det er vanskelegast å få god karakter i. Dei meinte at det gjeld å finna ut kva læraren er interessert i og dermed legg vekt på. Sjølv om oppfatninga deira nok kan utfordrast, er dei inne på noko av problemet. Læreplanane er så vage og omfattande at det er vanskeleg å få tak på identiteten til norskfaget.

Sjølvsagt skal norskfaget utvikla seg. Men når språkstudentar på universitetet manglar grunnleggjande kunnskap i grammatikk, er det grunn til å spørja seg om botnen i faget har ramla ut.

Korleis hadde det tatt seg ut om matematikkstudentar kom til universiteta utan å kjenna skilnaden mellom addisjon og divisjon?

Åse Wetås
direktør i Språkrådet

Innhald 2 | 2018

- 3 Den rette vegen for akademien?
- 5 Språkbrukaren
- 6 Intervjuet



- 10 Demonstrativer og språklig resirkulering
- 12 Løft for tegnspråk
- 14 Det har med språket
- 17 Med andre ord
- 18 Språkundervisningen som forsvant?



- 24 Ø – så skjønn!
- 28 Vi fortel, og vi fortel om att
- 30 På kornet
- 31 Nyord
- 32 Klipp
- 33 Lesarspørsmål
- 36 Historia bak



Prorektor ved Universitetet i Oslo, Gro Bjørnerud Mo, rektor ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet, Mari Sundli Tveit, og direktør i Språkrådet, Åse Wetås. Foto: Lars Ivar Nordal

Den rette veggen for akademien?

Språkrådet vil få fart på språkarbeidet i akademien. Med ei ny verktøykasse for å balansere bruken av engelsk og norsk får sektoren ei oppskrift på å lukkast.

AV LARS IVAR NORDAL

I APRIL LANSERTE Språkrådet ein ny «Vegvisar for gode språkval» for fulle hus i Bergen og Oslo, med innlegg frå rektorata ved dei største utdanningsinstitusjonane i landet.

Vegvisaren inneheld ti praktiske råd om språket i administrasjonen ved institusjonane, behovet for tospråkleg kompetanse blant vitenskapleg tilsette og tips om språk i undervisninga. Språkrådet oppmodar til at tilsette frå andre land må få tilbod om norskkurs i arbeidstida, og at institusjonane følgjer opp dette med eit krav om eit visst nivå i norsk etter nokre år i Noreg.

Kloke språkval

– Vi ønskjer at vegvisaren skal bidra til å gjere det lettare for universitets- og høgskulesektoren å gjere kloke og informerte språkval i alle brukssituasjonar, seier direktør i Språkrådet, Åse Wetås.

Vegvisaren er utforma i nært samarbeid med fagfolk frå universitet og høgskular, og målet er at institusjonane skal implementere råda i språkpolitikken sin. På grunn av engelskdominansen har norsk fagspråk fått ei svakare stilling på nokre fagområde dei siste åra. Det gjeld særleg naturvitenskap og

tekniske fag, men engelsk blir brukt også på fagfelt med tunge norskspråklege tradisjonar, som i humaniora og samfunnsfaga. Språkrådet ser med uro på denne utviklinga.

– Språkrådet er fullt klar over at engelsk spelar og skal spele ei viktig rolle i academia. Men det er viktig å gjere medvitne val som sikrar at ein også tek vare på det norske fagspråket. Det er avgjerande å kunne formidle faginformatjon på norsk for at me skal kunne ha eit kunnskapsbasert, offentleg ordskifte. Og det er slått fast i universitets- og høgskulelova at utdanningsinstitusjonane har eit særskilt ansvar for det norske fagspråket, seier Wetås.

Fagspråk på sotteseng?

Under arrangementet på Litteraturhuset i Oslo innleia rektor ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet, Mari Sundli Tveit, og prorektor ved Universitetet i Oslo, Gro Bjørnerud Mo, om språkpolitikk og språklege utfordringar ved institusjonane sine. Bjørnerud Mo meiner ein ikkje må svartmåle situasjonen for det norske fagspråket.

Faksimile. Heile vegvisaren ligg på nettstaden til Språkrådet.

– Språk og samfunn går igjennom store endringar over tid. Eg meiner at tilhøvet mellom norsk og engelsk fagspråk på universiteta ikkje er ei forfallshistorie, seier Bjørnerud Mo.

Som eit døme på det viste ho til at universiteta tek formidlingsansvaret på alvor.

– I snitt er nesten femti av våre vitskapelege tilsette ute i media og formidlar kvar dag. Ved det matematisk-naturvitenskaplege fakultetet kan ein snakke om ei formidlingsbølge blant dei unge forskarane, seier Bjørnerud Mo.

Ho uttrykte skepsis til å leggje for mykje vekt på strategiske dokument og talte for heller å sjå på kva som skjer i praksis ved institusjonane.

– Korleis rettleiar vi studentane, og på kva måte blir utanlandske tilsette følgde opp? Eg er meir interessert i handling enn i handlingsplanar. Røyndomen vert til i den akademiske kvardagen. Dessutan trur eg ikkje at ein kan leie eit universitet ved å tale innstendig og moraliserande til folk. Eg trur på å jobbe med kulturen og ikkje mot kulturen. Difor vil eg ta med meg desse praktiske tipsa frå Språkrådet tilbake til Universitetet i Oslo og syte for at dei blir gjorde kjende i heile organisasjonen.





Veldig for mye av det gode

ORSAK, ALLE SAMAN, men eg klarer ikkje å halde meg lenger, så her kjem det: Slutt å seie at alt er så *veldig* ditt og *veldig* datt! Det er skikkeleg irriterande. Eller snarare: Det er *veldig, veldig* irriterande.

Alt treng ikkje å vere *veldig* fint, *veldig* klart og *veldig* viktig. Det kan like godt vere *heilt* fint, *klinkande* klart og *særleg* viktig. Og det kan til og med berre vere fint, klart og viktig.

Det forsterkande adverbet *veldig* er eigentleg eit uskuldig og brukeleg ord. Stutte og enkle forsterkarar som *svært*, *særs* og *veldig* er dessutan betre og meir slitesterke enn mange av dei lange og «kreative». Difor er det kanskje dårleg gjort å hengje nett *veldig* ut her. Men dét får eg trong til når eg ser at vi går i fantasilaus flokk og lét *veldig* bli eineveldig. For vi seier *veldig* meir i utide enn tide – slik vi har late det gå inflasjon i å seie *fantastisk*.

For du har vel lagt merke til at ordet *fantastisk* lenge har florert i språkbedet? Nær sagt alle som blir intervjua i sportssendingar i fjernsyn, meiner at kjensla er fantastisk, at opplevinga er fantastisk, at arrangøren er


fantastisk, at publikum er fantastisk. Alle er så fantastisk flinke og absolutt heilt fantastiske. Eller så er dei *veldig, veldig* flinke. Men kva er gale med å vere berre flink?

Vi er flinkare når vi varierer ordbruken og lét vere å bruke dei same forsterkande orda om att og om att. Vi treng ikkje å vatne ut orda med å seie at noko kjendest *veldig* fint, at opplevinga var *veldig* god, at arrangøren var *veldig* førebudd, at publikum var *veldig* til stades.

Når vi så ukritisk omfamnar ord som *fantastisk* og *veldig*, har vi kanskje ikkje nok tiltru til språket. Eit nakent adjektiv har tydelegvis ikkje kraft nok i seg sjølv når vi skal setje ord på kjenslene våre. Kan hende er vi redde for å verke tamme og keisame, for ikkje å ta nok i?

Denne smittsame og uheldige ordbruken hadde du ikkje tenkt vidare over, seier du? Ver så god, nå er du smitta av tanken, du også.

Puh, det var veldig godt å få sagt det. Eller kanskje eg heller skulle seie: Det var *sjukt* godt å få sagt det, for *sjukt* er visst det nye *veldig*.



«Stadnamn er historia om
menneska si evne til å overleve.»



Namneambassadøren

Botolv Helleland er den fremste formidlaren av stadnamn her til lands. Han er glad for den store publikumsinteressa for namna våre, men av og til må han snakke folk midt imot.

TEKST **ASTRID MARIE GROV** | FOTO **KATRINE GADE**

Vitskapen om namn er eit barn av nasjonsbygginga på 1800-talet. Nasjonar skulle skapast ved at ein henta fram nasjonale språk, og dét skapte ei interesse for person- og stadnamn. Gjennom store delar av 1900-talet var namnegransking ein underdisiplin av universitetsfaget nordisk språk.

Språklege kulturminne

No er faget nesten borte frå Universitetet i Oslo. Ein av dei få som er igjen, er førsteamanuensis emeritus Botolv Helleland. Formelt er han for lengst pensjonert, men namnegranskinga har vore like mykje ein livsstil som ein jobb. I ein alder av 78 brukar han framleis halve dagen på kontoret i Forskningsparken ved Blindern. Helleland fortel at sterk interesse for både geografi og språkhistorie førte han til namnegranskinga.

– Eg starta med å studere språk og tok fransk og tysk mellomfag før nordisk hovudfag. Emnet for hovudfagsoppgåva var

BOTOLV HELLELAND

- fødd i 1940 i Ullensvang i Hardanger
- medskipar av Norsk namnelag, norsk organisasjon for arbeid med namn, i 1983
- medlem i Stadnamnutvalet, som la fram forslag til lov om stadnamn i 1983
- Noregs representant i UNEGGN, FNs ekspertgruppe for geografiske namn, 1987–2012
- leiar for den nordiske namneforsarkomiteen NORNA 1985–1989
- visepresident for den internasjonale namneorganisasjonen International Council of Onomastic Sciences 1999–2002

stadnamn på Hardangervidda, og frå då av har eg vore namnegranskar, med stadnamn som spesialområde. Eg har alltid vore veldig glad i dette faget og aldri tenkt på nokon alternativ karriereveg.

Namnegransking inneber å utforske det norske språket slik det kjem til uttrykk i namn, anten det er personnamn eller stadnamn. Faget går i stor grad ut på å børste støvet av namna: i fyrste rekke å finne ut kva dei tyder, når dei vart til, og kva dei kan fortelje om tilhøva på staden.

– Eg brukar å seie at stadnamn er historia om menneska si evne til å overleve. Namnegranskinga kan jamførast med arkeologi, for stadnamna fortel mykje om den tida dei oppstod i. Nokre namn speglar menneskelege aktivitetar i eit område. Det gjeld til dømes *Bryn*, som me har døme på mange stader i landet. Det er sett saman av gammalnorsk *brú*, som er forståeleg for folk i dag, og *vin*, som tyder *grasslette*. På stader som heiter *Bryn*, må det altså ha vore ei bru ved ei grasslette. Andre namn ►

«Å gje namn ein norsk skrivemåte er ein måte å ta språket tilbake på.»

speglar landskapet namnet har oppstått i. Der er Lofoten eit døme, opphavleg nytta om Vestvågøya. Sisteleddet kjenner me att i dag, det er *fo*t. Fyrsteleddet er *ló*, som er eit gammalnorsk ord for gaupe. Namnet Lofoten har altså oppstått ved at landskapet vart samanlikna med ein gaupefot, forklarar Botolv Helleland.

Helleland er oppteken av at namn som blir fastsette i moderne tid, til dømes ved kommunesamanslåingar, skal byggje på namn som allereie finst. Han er kritisk til ein del av namna som er blitt vedtekne den siste tida. Eit døme på det er Fjord kommune, som blir namnet på det som i dag er Stordal og Norddal kommunar på Sunnmøre.

– Namnet er ikkje henta frå eit eksisterande stadnamn i den framtidige kommunen, slik det er tradisjon for at namn gjer. Sjølv om *Fjord* for så vidt speglar landskapet på staden, ber det meir preg av å vere eit marknadsføringsnamn enn av å ta vare på den lokale namnearven. Det synest eg er synd. Dersom det ikkje byr seg eit høveleg nytt namn, ville det vere betre å føre vidare begge dei eksisterande namna, meiner han og viser til det nye fylkesnamnet Vestfold og Telemark.

Omdiskutert rettskriving

At namn er viktige for folk, har Botolv Helleland fått merke mange gonger i løpet av dei over 30 åra han har vore namnekonulent. Det gjeld særleg når han har vore med på å bestemme korleis stadnamn skal skrivast.

Det har lenge vore tradisjon for at det offentlege har fastsett skrivemåtane av stadnamn i Noreg, etter råd frå namnegranskarar. I ein del tilfelle har det ført til at ein har endra på ein skrivemåte som allereie er i bruk. Helleland er klar på kvifor han meiner såkalla normering er ein nødvendig del av namnefaget.

– Mange norske namn vart skriftfeste av danske embetsmenn som delvis skreiv det dei høyrde, eller trudde dei høyrde, og delvis følgde dansk skrivepraksis. Slik har me fått skrivemåtar som *Dahl*, som etter norsk rettskriving skulle vore *Dal*. For å få ei einsarta rettskriving og det språkhistoriske opphavet til stadnamna fram i lyset meiner eg det er viktig å endre på feilaktige skrivemåtar. Å gje namn ein norsk skrivemåte er ein måte å ta språket tilbake på.

Det er særleg endringar i skrivemåten av gardsnamn som har sett sinna i kok hjå mange. Ei årsak til det er at etternamnet og gardsnamnet fort kan få ulike skrivemåtar. Til dømes kan familien på ein gard heite Hoel, medan gardsnamnet skal skrivast Hol. Reaksjonane har vore så sterke at ei gruppe grunneigarar, med god hjelp frå støttande politikarar, har fått endra lovverket. Slik får dei no større innverknad på skrivemåten (les meir om dette i Språknytt 3/2016). Helleland meiner denne utviklinga er svært uheldig.

– Avviket mellom skrivemåtane vekker sterke kjensler hjå mange, nærast som eit identitetstap. Men eg meiner me må halde fast ved at etternamn er noko privat, medan stadnamn er skapt i fellesskap og høyrer fellesskapet til, seier han.

Botolv Helleland er oppvaksen i ei grend som heiter *Helland*, i Lofthus i Hardanger. Då hadde det kanskje vore nærliggjande at han skifta ut etternamnet Helleland med den «riktige» skrivemåten?

– He-he, som namnenormerar burde eg kanskje ha gjort det. Men eg har aldri tenkt tanken. Etternamnet mitt er ein del av min identitet, slik det er det for andre. For meg er det ikkje noko problem at det har ei anna namneform enn namnet på grenda.

Stor publikumsinteresse

Den folkelege interessa for namn er slett ikkje berre av det kritiske slaget. Nordmenn er jamt over svært interesserte i namn, og Botolv Helleland har vore ein svært aktiv formidlar av faget gjennom heile karrieren, både i tale og skrift. Aktivitetane spenner frå namnevandringar i Oslo til kurs i stadnamninnsamling rundt i landet.

– Eg likar å formidle. Rett nok høyrer det meste av det eg har skrive og gjeve ut, til den vitenskaplege sjangeren, men eit stort tal populærvitenskaplege arbeid har eg òg bak meg. Eit mål med formidlinga er å aktivere stadnamn som lokale kulturskattar. Eg har til dømes nett skrive forklaringar til stadnamna langs Dronningstien, som er ein populær tursti i heimkommunen min Ullensvang. Namneforklaringane skal koplast til eit rutekart, men òg vere tilgjengelege på internett via mobiltelefonen. Noko av det eg likar ved formidlinga, er at lokalsamfunna får attende litt av sitt eige, fortel Helleland.

Etter at namnefaget gradvis er blitt bygd ned ved Universitetet i Oslo, står det ikkje sterkt som universitetsfag. Helleland trur formidling er det som skal til for å få opp interessa, og meiner det er særleg viktig at fagfolk deltek i debattane om faget. Sjølv er han ikkje redd for å stå i skotlinja.

– Det er mykje mediemerksemd om namn,

men det er litt uheldig at mange av oppslaga handlar om usemja som oppstår rundt skrivemåten. Eg har ofte framheva krafta som ligg i namn, og evna deira til å bere lokal historie i eit lengre perspektiv.

Også på universitetet har formidlinga vore viktig for Botolv Helleland. Når han skal trekkje fram høgdepunkt frå karrieren, er det kontakten med studentar som peikar seg ut.

– Det har vore viktig for meg å få undervise både norske og utanlandske studentar og merke at eg har vore ei inspirasjonskjelde for dei.

Ei framtid for namnefaget

Framtida til norsk namnegranskning ligg no i hendene til Universitetet i Bergen. Universitetet i Oslo har bygd ned faget gjennom å bruke ledige stillingar på andre fagfelt, og fysiske samlingar med innsamla namn er blitt frakta over fjellet. I Bergen er dei i gang med å få mykje av det gamle, innsamla materialet digitalisert. Sjølv om det i periodar har vore mykje uvisse om korleis framtida til faget vil bli, er Botolv Helleland optimist.

– Når namnefaget ikkje skal ligge i Oslo lenger, synest eg det er fint at det blir lagt til Bergen. Det er viktig at det finst eit fagmiljø som kan utdanne folk til dei offentlege stillingane som steller med namn, og eg har tru på at Bergen kan bli eit kraftsentrum i norsk og nordisk namnegranskning. ●

TO OM HELLELAND

«Botolv har vore ei drivkraft for å auke interessa for bruk, vern og forvaltning av stadnamn i det offentlege rommet. Det internasjonale engasjementet hans, særleg innsatsen i FN-organet UNGEGN, har òg gjort han til ein av Nordens mest kjende namnegranskarar. Eg er audmjuk og takksam for alt Botolv har lært meg om stadnamnrøkt, og kunne ikkje hatt ein betre mentor.»

INGVIL NORDLAND, namnegranskar ved NMBU og i Språkrådet, tidlegare student av Helleland

«Botolv er glad i menneske og tar vare på folka rundt seg. Då eg byrja å arbeide i eit vikariat på Institutt for namnegranskning i 1983, var Botolv instituttstyrar. Han fekk meg til å kjenne meg velkommen, oppmuntra meg og gav meg interessante oppgåver. Trass i at han hadde det travelt, kunne eg aldri merke at han var stressa. Botolv er ein god formidlar av namnefaget. Mange gonger har eg erfart at han er den namnegranskaren folk utanom språkmiljøet har høyrnt om.»

ANNE SVANEVIK, forvaltningsansvarleg for stadnamn i Kartverket

Demonstrativer og språklig resirkulering

I mange språk slås demonstrativer sammen med ord for *her*, *der* og andre forsterkerord. Hvorfor skjer dette? Svaret fins i demonstrativenes funksjon.

AV URD VINDENES

DEMONSTRATIVER SOM *den* og *denne*, tidligere kalt påpekende pronomener, er viktige i språket. De kan brukes både til å peke på ting i omgivelsene våre – *se på den!* – og til å peke ut ting som ikke lenger er i nærheten, men som samtalepartnerne har et felles forhold til – *husker du den derre katten?* Det sammensatte demonstrativet *den derre* har etter hvert fått en del særegne funksjoner.

Alle verdens språk har demonstrativer, men det varierer fra språk til språk hva de kan brukes til, og hvilke kategorier de kan deles inn i. I norsk, engelsk, fransk og mange andre språk bruker vi ulike demonstrativer for å peke på det som er nært (*denne, this, cette*), og det som er fjernt (*den, that, ce*). Dessuten deles norske demonstrativer i ikke-menneskelige (*den katten*) og menneskelige (*hun dama*).

Den derre

I norsk har vi fått enda en type demonstrativer. Vi har ikke bare egne demonstrativer for nære og fjerne objekter, men egne demonstrativer for referenter (den eller det som blir pekt ut) som ikke fins i omgivelsene, og som er veldig spesifikke (*den derre boka du snakka om*). Det lille ordet *derre* (eller *der, derrane, derne* osv.) henger tett sammen med *den*, og

den derre oppfører seg på mange måter som ett ord.

I avhandlinga mi om utviklinga av komplekse demonstrativer undersøkte jeg åssen slike demonstrativer brukes i norsk, og åssen de utvikler seg over tid. Grammatiske ord, som preposisjonene *til* og *hos* og hjelpeverbene *ha* og *skal*, har som regel opphav i innholdsord som substantiv eller verb. *Til* kommer for eksempel fra et substantiv i germansk som betydde 'mål' (jf. tysk *Ziel*), og *hos* kommer fra et substantiv som betyr 'hus'. Men langt fra alle demonstrativer kan spores tilbake til slike ord. Hvor kommer de så fra?

Forsterking

Demonstrativer utvikler seg ved at de blir forsterka av andre ord. Forsterking innebærer at ord som tilsvarer adverba *her/der* eller verbet *se*, over tid blir en del av demonstrativet. Et eksempel ser vi i norsk i dag (*den der*), men vi finner det også i mange andre europeiske språk. I fransk kan man si *ce livre là* ('den boka der'), i enkelte tyske dialekter kan man si *da der Mann*, og i polsk kan det hete *ta książka tam* ('den boka der').

Et eksempel på forsterking av demonstrativer med verbet *se* finner vi i tidlig norrønt.



«Hun dama» og «den katten» er såkalte demonstrativer. Foto: Grapelimages / iStockphoto

I en del runeinnskrifter kan vi se at demonstrativet *þann* ('den') kunne få et tillegg av *-si*, som hadde betydninga 'se'. Kombinasjonen av de to kan opprinnelig ha betydd noe sånt som 'se den', men i runeinnskriftene er det brukt med betydninga 'denne (runesteinen)'. Formen *þann-si* og de andre bøyingsformene utvikla seg etter hvert til *þessi* og andre former, som er opphavet til demonstrativet *denne*.

I noen trønderske dialekter kan *her/der* brukes som demonstrativ aleine: *Herre boka var interessant*. Det gamle demonstrativet har falt bort fordi det har vært trykklett, mens forsterkerordet *her/der* kan få trykk (*den herre*, ikke *den herre*). Når forsterkeren overtar hele rollen som demonstrativ, kan det kalles en *syklistisk* endring, eventuelt en *resirkulering*, fordi vi ender opp der vi starta, altså med ett enkelt demonstrativ.

Resirkulering

Når vi bruker demonstrativer, er det som regel for å rette oppmerksomheten til samtalepartnern mot et spesielt objekt eller en per-

son. For å sikre dette kan man bruke gester som peking, blick og nikk, og man kan bruke såkalt språklig peking: spesifiserende ord som *her* og *der*. Når *den* og *der* ofte forekommer sammen, vil språkbrukerne over tid oppfatte dem som en enhet – sjøl om vi fint kan identifisere delene (tenk på ordet *kanskje*). Ordet mister også noe av sin opprinnelige betydning: Når vi sier *den der regjeringsplattformen*, har ikke *der* stedsbetydning lenger, som det har i *De står der*.

Demonstrativer blir til gjennom resirkulering av språklige byggeklosser som *her* og *der*. Denne prosessen skjer gradvis og som regel over svært lang tid. Dessuten kan den være vanskelig å spore i skriftlige kilder, siden det sjelden er behov for peking i skrift. Dialektene våre gir oss imidlertid muligheten til å studere prosessen, ettersom de har nådd ulike stadier og tatt ulike veier i utviklinga – litt på samme måte som geologer studerer dagens landskapsformasjoner.

Urd Vindenes er ph.d. i nordisk språkvitenskap.



Kulturministeren flankert av representanter fra Språkrådet og Signo. Foto: Erlend Lønnum

Løft for tegnspråk

– Tegnspråk skal behandles som et selvstendig språk i hele sin bredde, for alle språk er viktige kulturbærere, sa kulturminister Trine Skei Grande på det nasjonale nettverksmøtet for tegnspråk i april, i regi av Signo og Språkrådet.

AV ERLEND LØNNUM

– **VI SKAL KJEMPE** for at tegnspråkbrukere ikke blir holdt utenfor. Vi skal snu holdninger ved å bruke lovverket, utdanningen og den planlagte språkloven, der vi har en anledning til å heve statusen til norsk tegnspråk. Jeg lover å bruke de virkemidlene jeg har, slik at folk kan få en bedre forståelse for tegnspråk, sa kulturministeren da tegnspråknettverket inviterte til diskusjon om det såkalte tegn-språkløftet.

– Vi skal formidle kultur på begge mål-former og på tegnspråk, og vi må ha flere kulturelle møteplasser der vi møter mange språk, for alle språk skal behandles med respekt, sa Skei Grande.

– De som kan tegnspråk, har en verdifull flerspråklig kompetanse som de bør være stolte over.

Viktig satsing

Tema for nettverksmøtet var tegnspråkløftet. Det ble presentert av førsteamanuensis Hilde Haualand, som leder seksjonen for tegnspråk og tolking ved Oslomet, og det ble diskutert med tegnspråkmiljøene i Norge.

Samfunnet har et stort behov for tegn-språklig kompetanse. Derfor har styret ved Oslomet bedt Kunnskapsdepartementet om en større satsing på tegnspråk: tegnspråk-løftet. Språkrådet, som er koordinator for

TEGNSPRÅKLØFTET

Målet med tegnspråkløftet er å utdanne flere tegnspråkbrukere, skaffe mer kunnskap om norsk tegnspråk og bidra til at hørselshemmede barn får mulighet til å utvikle førstespråket sitt.

For å få til det foreslås det blant annet å:

- opprette tegnspråklige emner i et nytt masterprogram i mangfoldskompetanse og kommunikasjon ved Oslomet
- utvikle tegnspråk som et fullverdig masterfag i grunnskolelærerutdanningen
- øremerke rekrutteringsstillinger
- utvide utdanningstilbudet i tegnspråk
- sikre tegnspråk og kunnskap om tolking som en tverrprofesjonell kompetanse
- utvikle et vurderingssystem for norsk tegnspråk (jfr. det europeiske rammeverket for språk)
- investere i bedre utstyr i språklaboratorier og tolkekabiner og etablere korpus

tegnspråknettverket, stiller seg bak løftet.

– Tegnspråkløftet vil sikre at flere morsmålsbrukere får utdanning i tegnspråk. Det vil bidra til ny forskningsbasert kunnskap om norsk tegnspråk, og det vil i neste omgang sikre bedre undervisning i og på tegnspråk for barn som har dette som sitt førstespråk, sier direktør i Språkrådet, Åse Wetås.

Hun mener tiltaket er svært viktig både for norsk tegnspråk som kulturobjekt og kulturbærer og for den enkeltes mulighet til å bruke eget språk.

«Jeg lover å bruke de virkemidlene jeg har, slik at folk kan få en bedre forståelse for tegnspråk.»

KULTURMINISTER TRINE SKEI GRANDE

NASJONALT NETTVERK FOR TEGNSPRÅK

Nettverket ble opprettet av Norges Døveforbund i forbindelse med St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening*. Språkrådet overtok ansvaret i 2012. Nettverket er strategisk viktig i det språkpolitiske arbeidet til Språkrådet, og det fungerer som en lyttepost på tegnspråkområdet. Hovedmålet er å sikre og bidra til at stortingsmeldingen blir fulgt opp.



Foto: Elisabeth Moe / Signo

Det har med språket – og måten ein ser det

Saknar du noko her? Eller er du ein av dei som underforstår eit «å gjere» og eit «på»? Vi ser nærare på ulike typar ellipsar i talt og skriven norsk.

AV ERLEND LØNNUM

MUNNLEGE ELLIPSAR

Ein ganske vanleg ellipse i talespråket er «måte(n) å» + verb + «noko», der ein utelèt preposisjonen «på»:

Før berre: Det er no òg ein måte **å sjå det på**.

No også: Det er no òg ein måte **å sjå det**.

Ein nyare og stadig meir utbreidd talemålsellipse er uttrykket «det har med» + «noko», der ein utelèt infinitiven «å gjere»:

Før berre: Det **har med** korleis språket fungerer, **å gjere**.

Eller: Det **har å gjere med** korleis språket fungerer.

No også: Det **har med** korleis språket fungerer.

Uttrykket har vorte forkorta fordi det ofte er så langt frå «med» til «å gjere» at ein på vegen gløymer at ein har eit uttrykk å avslutte. Når det blir ein vane å gløyme på den lange vegen, smittar det snart over på all bruk av uttrykket.

Dette er to døme på økonomisering med språket som kan setje grå hår i hovudet på dei som er opptekne av dei tradisjonelt rette talemåtene.

ELLIPSE

I språkvitskapen vert ordet ellipse brukt for eit forkorta uttrykk. Det kan vere ei utelating av ein del av eit ord, eit heilt ord eller eit ledd (*ellipse* er gresk for 'mangel, utelating').

I denne artikkelen brukar vi eit vidt og laust ellipseomgrep utan å skilje mellom «ekte» ellipse i samtidsspråket og innarbeidde resultat av bortfall i gamle dagar.

GRAMMATISKE ELLIPSAR

Subjunksjonar

Bortfall av subjunksjonane *som* og *at* er ellipse av eit ganske anna slag, og gammalt i både skrift og tale. Døme:

Det [som] du gjorde der, er ikkje lov.

Du sa [at] det var greitt å gjere det.

Orda i klammer ovanfor er valfrie. Dei korte seiemåtane byr ikkje på problem for dei som har norsk som morsmål, men for ein tysktalande, til dømes, er det uvant at ein kan sløyfe slike sentrale element i grammatikken.

Jamvel for innfødde kan utelatingane sjå mystiske ut ved nærare ettersyn. Ta ein titt på desse formuleringane:

Du sa det var greitt å gjere det,
og at du fort kunne ha gjort det sjølv.

(meir fullstendig: Du sa *at* det var greitt å gjere det, og *at* du fort kunne ha gjort det sjølv.)

Det du gjorde der, og som du fort
kan gjere igjen, er ikkje lov.

(meir fullstendig: Det *som* du gjorde der, og *som* du fort kan gjere igjen, er ikkje lov.)

Dei er usymmetriske. Vi får berre lov til å sløyfe éin gong! I det siste dømet kan vi rett nok sløyfe «som» andre gongen òg, men berre når det etterfølgjande subjektet «du» òg er utelate:

Det du gjorde der, og fort kan gjere
igjen, er ikkje lov.

Merk at vi ikkje kan sløyfe subjunksjonen når det står noko mellom verbalet og *at*-setninga:

Du sa allereie på møtet i førre veke at det var greitt å gjere det.

(Ikkje: Du sa allereie på møtet i førre veke det var greitt å gjere det.)

Det er ofte stilnivå og kontekst som avgjer om subjunksjonen *at* kan strykast, og det er vanskeleg å gi klare grammatiske reglar for det. For subjunksjonen *som* er det klarare reglar: *Som* kan sløyfast så lenge det ikkje er subjektet ein viser tilbake til: «Ho som står der, gjorde det» vert ugrammatisk utan eit «som».

Syntaktisk utelating

Ved såkalla syntaktisk ellipse er noko underforstått i setninga, som her:

Ho valde den vesle [koppen], eg [valde] den store.

Eg er større enn han, men han er eldre [enn eg/meg].

Dette gjeld særleg for verb som kan stå utan utfylling, som *lukte* og *smake*, der ein normalt tolkar inn eit måtesadverb:

Det luktar her [t.d. *vondt*].

Dette smakte [t.d. *godt*].

Kortformer

Ein annan type ellipse på ordnivå er kortformer. Nokre døme er *foto* for fotografering, *atomfri* for atomvåpenfri (*atomvåpen* er òg ei forenkling), *bil* for automobil, *ubåt* for undervassbåt og *moped* for motorvelosiped.

I nokre tilfelle har vi for lengst sløyfa eit heilt ord i eit par, som i *minister* (opphavleg *minister regis* 'kongens tenar') og *doktor* 'lege' (opphavleg *doctor medicinae* 'lærer i medisin'). ►

TYPOGRAFISKE ELLIPSAR

Den typografiske ellipsen er noko for seg. Dei fleste kjenner vel utelatingsteiknet prikk-prikk-prikk, alias Alt+0133 på tastaturet (ikkje tre vanlege, lause punktum). Det vert ikkje nytta til å markere innarbeidde syntaktiske utelatingar, for dei tenkjer ikkje skribenten eller talaren på. Teiknet er eit verkemiddel som syner at ei ytring er avbroten eller ufullført på andre måtar:

Eg meiner ... eh


Det trur faktisk eg også ...

Den der idi...

Ovanfor ser vi døme på nøling, ettertanke og avbrot. Ellipsesteiknet vert nytta til å etterlikne tale eller tanke i skrift, med naturlege pausar og invitasjon til å delta i tankeprosessen.

I formell sakprosa har teiknet ein annan funksjon, nemleg å markere at noko er utelate i eit sitat. Då bruker vi helst klammer kring, til dømes:

Med denne amerikanske revolusjonen [...] såg Europa ein politisk draum verte røynd.



ELLIPSAR PÅ ANDRE FAGFELT

Retoriske ellipsar dreier seg òg om utelating. I retorikken og narratologien er ein ellipse ei utelating av ei hending utan tyding.

Ein matematisk ellipse er noko heilt anna enn ein språkleg [ellipse], nemleg ei oval kurve der alle punkt (P) har same samanlagde avstand til to faste punkt, såkalla brennpunkt (B og B'), innanfor kurva (sjå illustrasjonen).

Meir torer vi ikkje å seie om det emnet ... ●

I denne spalta tek vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.



Har du hørt om søppelmat før?
Foto: fcafotodigital / iStockphoto

Snøggmat og saktermat

FAST FOOD, slow food, junk food, take-away-food, raw food. Vi kan putte flere typer engelskspråklig mat i *foodprocessoren*, eller *kjøkkenmaskinen*, som vi kan kalle den på norsk, ved siden av *matmølle* og *matkvern*. Kverner vi maten lenge nok, får vi gode norske avløserord:

hurtigmat/snøggmat for fast food
saktermat for slow food
søppelmat for junk food
hentemat/ta-med-mat for take-away-food
råmat for raw food

Påfyll

Foodtrucken, eller *matvogna*, serverer flere engelske ord som vi helst elter om til norsk: Vi inviterer til *grillfest* framfor *barbecue* og til *billigtid*/*timetilbud* framfor *happy hour*. Vi ber om *påfyll*, ikke *refill*, på *smuidien*, ikke *smoothien*. Vi kan slutte å bestille en *coffee to go* og heller be om en *springkaffe* eller lignende, etter mønster av svensk

språngfika. Og vi spiser gjerne *hytteost* i stedet for *cottage cheese* og *krabbepinner* i stedet for *crabsticks*.

Butikkbakst


Hos mange storkiosker, bensinstasjoner og bakere finner vi i dag såkalt *bake-off*. Det er halvferdige bakervarer som er klargjort for heving og steking i butikken. Slikt bakverk kan vi generelt kalle *butikkbakt* eller *butikkstekt* på norsk og mer spesifikt *ferdighevet* eller *halvstekt*, alt etter som.

En annen type *bake-off* som har blitt populær de siste årene, er tv-programmer der det konkurreres i baking. Det kan vi kalle *bakekonkurranse* på norsk.


Hva om man har laget eller hentet maten selv – kan det kalles auto-mat? Det kan det, men det kommer ikke automatisk på menyen.

Vel bekomme!

Erlend Lønnum, redaktør



Språkundervisningen som forsvant?



Dagens studenter har ikke lært nok grammatikk på skolen, erfarer flere. Norsk lektorlag mener at læreplanene er en av årsakene, og får støtte av Språkrådets direktør.

AV ASTRID MARIE GROV

HANS-OLAV ENGER ER PROFESSOR i nordisk språk ved Universitetet i Oslo og underviser mange av framtidens norsklærere. Han er klar på at mange av studentene hans har for dårlig grammatikkgrunnlag fra skolen.

– En del av dem kommer med så dårlige forkunnskaper at jeg lurer på hva slags grammatikkundervisning de har hatt. Og mitt klare inntrykk er at denne gruppa stadig øker. ►



«Vi må ha et språk for å snakke om språk.»

HANS-OLAV ENGER

Foto: Ram Gupta, UiO

Fra for mye til for lite

Enger mener det lave kunnskapsnivået skaper problemer for hans egen undervisning.

– Hvis undervisningen alltid skal tilpasses den svake gruppas nivå, kommer de andre til å kjede vettet av seg. Jeg har brukt en del tid på å forklare forskjellen mellom substantiv og subjekt, og det burde ikke være nødvendig på et universitet.

Nordiskprofessoren mener man har vært for redd for å undervise i grammatikk i skolen de siste årene.

– I min egen skoletid hadde vi mer grammatikk enn vi trengte, men nå har pendelen dessverre svingt for langt den andre veien. Flere studenter har en grunnfestet oppfatning av at grammatikk ikke er noe som angår dem. Men grammatikken er et hjelpemiddel lærerne kan bruke for å forklare elevene hva som er feil. Dermed gir den også begrepsapparat for å snakke om mye annet av det elevene lærer i norskfaget, for eksempel stil innenfor litteratur. Vi må ha et språk for å snakke om språk, sier Hans-Olav Enger.

Gunvor Mejdell er professor emeritus i Midtøsten- og Nord-Afrika-studier. Hun underviste i arabisk ved Universitetet i Oslo

fra 1975 til i fjor og mener også at manglende grammatikkunnskap er et stort problem.

– Jeg opplever at nivået på grammatikkunnskaper har blitt stadig dårligere, og antar at det har å gjøre med svekket fokus på dette gjennom skoletida. Mange studenter mangler grep om enkle grammatiske kategorier som subjekt, preposisjon og pronomen. De siste årene har vi måttet integrere undervisning i norske og engelske grammatiske begreper i arabiskundervisningen.

Mejdell mener at også studentenes motivasjon kan være et problem.

– Mange synes det er tungt og forstår ikke hensikten med å lære seg et grammatisk begrepsapparat. Trenden i språkundervisningen, også i arabisk, har gått i retning av praktiske ferdigheter og mindre språklig analyse. Men slik jeg ser det, er det nødvendig med kunnskaper i arabisk grammatikk ikke bare for å forstå språkets strukturer, men også for å hankses med annet enn tilrettelagte arabiske tekster. Det inkluderer også det å slå opp i ordbøker.

Dårlig læreplan?

Språkprofessorene er ikke alene om å bekymre



«Skal man fordype seg
i et språk, må man
kunne grammatikk.»

GUNVOR MEJDELL

Foto: Elisa Kolle, UiB

seg over læringsutbyttet til norske elever. Tidligere kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen varslet at skolefagene har blitt for fulle, og at det må prioriteres hardere hva elevene skal lære. Derfor er det satt i gang et arbeid med å revidere læreplanene, den såkalte fagfornyelsen, som skal munne ut i nye læreplaner fra høsten 2020. Utdanningsdirektoratet har nylig avsluttet arbeidet med de såkalte kjerneelementene, dokumenter der det viktigste i skolefagene skal meisles ut.

En organisasjon som ikke er særlig begeistret for det siste utkastet til kjerneelementer (per mai 2018), er Norsk lektorlag. Geir Olav Kinn er leder for fagutvalget for norsk i organisasjonen og lektor ved Mysen videregående skole. Han mener læreplanfornyelsen foreløpig ikke bærer preg av en økt satsing på grammatikk.

– Jeg ser ikke at norsklærere får større insentiv til å styrke grammatikkundervisningen med det siste utkastet til kjerneelementer i norsk. Snarere mener jeg dette er et tilbakesteg for grammatikken. Det gjenstår selvfølgelig å se hvordan dette vil arte seg i selve læreplanene, men foreløpig er jeg ikke optimist.

Kinn deler universitetsprofessorenes oppfatning om at norske elever får med seg for lite grammatikkunnskaper fra skolen. Han mener en viktig forklaring er at fagdisiplinen har hatt en svak plass i læreplanene. Kinn mener det er påfallende at grammatikk i stor grad uteblir blant kjerneelementene, iallfall på de høyere klassetrinnene.

– På videregående nivå er ingen av komponentene i grammatikk nevnt blant kjerneelementene. Ortografi er med helt til det siste året på videregående, men det er langt fra det største problemet for elevene. Jeg tror at de som har utarbeidet disse elementene, ikke har grammatikk som spesialområde.

Geir Olav Kinn mener kjerneelementene ikke kommer til å snu en negativ trend i norskfaget. Han etterlyser mer konkret læring.

– Kjerneelementene er så fulle av ord som «leke», «utforske» og «eksperimentere» at de etter mitt syn helt blir tømt for innhold. Jeg mener slike vage og svevende begreper svekker norskundervisningen, siden vi vet hvor lite grunnleggende kunnskap mange har når de kommer ut av skolen. Mange universitetsfolk rapporterer at elevene skriver ►



«Før man kan 'utforske' og 'leke', må man kunne skrive.»

GEIR OLAV KINN

Foto: privat

ordinær sakprosa dårlig. Før man kan «utforske» og «leke», må man kunne skrive, og det bør gjenspeiles i læreplanene.

«De gode intensjoners fag»

Språkrådets direktør Åse Wetås deler Kinns bekymringer over fagfornyelsen. Hun mener norskfaget har fått et identitetsproblem.

– Jeg frykter vi har fjernet oss for mye fra det som bør være bærebjelken i et språkfag. For å forstå hvordan et språk fungerer, enten det er eget eller andres, må man kjenne byggesteinene. Når elevene kan så lite grammatikk fra skolen at foreleserne på universitetene må forklare de enkleste ting, er det på tide å gjøre noen grep. Og det er læreplanene vi må starte med, for det er de som styrer undervisningen.

Wetås presiserer at hun ikke ønsker seg et norskfag som er det det alltid har vært, men at man må tenke nøye gjennom hva man vil med de ulike elementene.

– Selvsagt må det største faget i videregående skole tilpasses den tida vi lever i, men grammatikken går aldri ut på dato. Det er slett ikke gammeldags å lære elevene grammatikk. Jeg frykter at norskfaget har blitt «de gode intensjoners fag», og utkastet til kjerne-

elementer forsterker dessverre den frykten. Faget skal fortsatt inneholde veldig mye, men mange av læringsmålene er lite håndfaste og vanskelige å få grep om. Det er viktig at den grunnmuren grammatikken representerer, ikke forsvinner i alt det nye. Det er vanskelig både å forstå andres tekster og produsere egne tekster når man ikke kjenner byggesteinene i språket.

Dårlig kvalitet på undervisningen?

Ett viktig spørsmål er hvor mye grammatikkundervisning elevene får i norskfaget, et annet er hvor god den undervisningen faktisk er. En studie fra Universitetet i Oslo peker i retning av at det siste også spiller inn. Læreres tilbakemeldinger på syvendeklassingers tekster viser at «lærarane ikkje alltid gir rett og velvalt respons, og at elevane i liten grad skjønner det læraren har prøvd å be om i responsen».

Åse Wetås vil ikke legge skylden på lærerne. Hun mener at hele utdanningssystemet har kommet inn i en vond sirkel.

– Hvis lærerstudenter har et svakt grammatikkgrunnlag fra skolen, blir det vanskelig å ta igjen det tapte i lærerutdanningene og på



«Jeg frykter at norskfaget har blitt 'de gode intensjoners fag'.»

ÅSE WETÅS

Foto: Moment Studio

universitetene. Da vil tendensen bare forsterkes når nye lærere kommer ut i skolen og skal formidle kunnskapen videre.

Kunnskapsnivå og formidlingsevne henger tett sammen, mener Wetås.

– Når lærerens egen kunnskap i grammatikk ikke er god nok, blir det naturligvis vanskelig å formidle faget videre til barna. Ingen

liker vel å undervise i emner de ikke føler seg trygge på. Vi må derfor bryte den vonde sirkelen og sørge for at grunnlaget blir lagt der det bør legges, nemlig i skolen. Det blir altfor enkelt å skylde på lærerne hvis problemet faktisk ligger i de overordnede føringene for undervisningen i norsk skole. ●

Utdanningsdirektoratet ved seniorrådgiver Bente Heian svarer:

«Grammatikk er helt klart en viktig del av norskfaget, og det vil det også være i de nye læreplanene. Grammatikken ble også styrket i revisjonen av læreplanene i 2013. Da ble blant annet setningsanalyse lagt inn som et nytt kompetansemål på 7. trinn, og på 10. trinn ble det lagt til et mål som krever at elevene skal «beherske grammatiske begreper som beskriver hvordan språk er bygd opp».

Et av de foreslåtte kjerneelementene i norskfaget heter «Språket som system og mulighet». Det innebærer blant annet at elevene skal utvikle kunnskaper om de grammatiske og estetiske sidene ved språket. Nå er vi i gang med å gå gjennom alle innspillene vi har fått til utkastet til kjerneelementer. Noen av innspillene tar for seg grammatikk i faget, og vi vil vurdere om vi skal justere noen av kjerneelementene. Videre vil det være læreplangruppene som utformer kjerneelementene videre i form av kompetansemål. Dette arbeidet vil foregå høsten 2018.»

Ø, så skjønn!

O-en med strek pryder stadig fleire produkt og går sin sigersgang i tysk marknadsføring – takka vere ein Skandinavia-trend.

AV SEBASTIAN BALZTER

ØKONOMI HANDLAR OM avgrensa ressursar, og kvar er vel ressursane knappare enn i alfabetet? Det tyske alfabetet tel berre 26 bokstavar, i tillegg til omlydane ä, ö og ü og den tyske spesialiteten ß, som opptre etter lang vokal og diftong: *grüß dich* (ver helsa). Er dét nok for å kunne setje ord på heile den vide verda? For å gje namn til alle slags makelausa firma og produkt?

For marknadsfagfolk er denne førestillinga tung å bere, det er ikkje noko dei likar dårlegare enn faren for forveksling: Det kan då ikkje vere slik at ein må skrive namnet på det beste smøret gjennom tidene med dei same usle bokstavane som dei måtelege konkurrentane brukar! I nauda importerer strategane framande tilleggsteikn. Heilt øvst på lista over dei mest attrådde varene står no ein artikkel frå Nord-Europa: Ø-en erobrar Tyskland.

Eit familieføretak frå Ostwestfalen bana vegen for Ø i Tyskland. Allereie i 1967 døypte

tekstilhandlarfamilien Rusche sine butikkar om frå «Sir» til «Sør». Det handla ikkje om image; uttalen av det opphavlege namnet for ein velkledd engelsk gentleman var framleis den same. Kva var då koplinga mellom ein klesbutikk i Oelde og det norske ordet *sør*? Det låg ein banal rettsstrid bakom. Merke-namnet «Sir» var allereie teke i Tyskland. Men ved å bruke det skandinaviske importteiknet unngjekk firmaet merkevarrevist.

Sigersgangen

Det var fyrst mykje seinare at den gjennomstrokne O-en stod på egne bein som reklamesymbol. I 60-åra var han framleis for framand for den tyske gjennomsnittsborgaren – ved fyrste augekast tenkte nok dei fleste heller på matematikkundervisninga, der symbola for gjennomsnittet og den tomme mengda liknar ein Ø. Ein føresetnad for Ø-suksessen var i fyrste omgang at tyske turistar kom heim



Teateret i Köln har forsynt seg med ein dansk-norsk Ø. Foto: bilderbuch-koeln.de

frå danmarksferie og fortalde om eventyra sine med overdådige «smørrebrød» og varme «pølser», og i neste omgang at bøker av skandinaviske forfattarar med Ø-namn, som Jo Nesbø og Peter Høeg, vart bestseljarar i Tyskland. I dag veit kvar ein tyskar korleis ein uttaler denne underlege bokstaven, og, enda viktigare, at han kjem frå Norden.

Og med eitt er Ø-en overalt, i namn på kneiper (Mörtelwerk, Leipzig), transportfirma (Møbeltaxi, Berlin) og drikkevareutsal (Ølwechsel, Frankfurt), i lysreklamar for Schauspiel Köln og i kjøledisken hos daglegvarekjeda Lidl, der ein smørtype heiter «Sødergården», med to nordiske spesialbok-

stavar. Berre Kasper Rørsted, den danske sjeffen for det tyske Adidas-konsernet, er usikker på Ø-ens føremoner: Utanfor heimlandet vel Mr. Rørsted heller ein verdsleg O.

Kva er årsaka til at tyskarane er vortne så hugtekne av Ø-en? Spørsmålet fører oss inn i den sosiolingvistiske verda og underavdelinga for reklameforsking. «Ei slik 'Foreign Branding' skal vekke assosiasjonar til det skandinaviske, som skal ramme inn reklame teksten», seier språkvitar Jürgen Spitzmüller frå Wien. Marknadsførarane har gjort det same før. Derfor kling så mange kosmetiske produkt franske, så mange matvarer italienske og så mange medikament latinske. ►

«Ø-en ser elegant ut og innbyr til grafisk kreativitet.»

Ein annan fordel med Ø-en er at han ikkje er avgrensa til éin bransje. For i Tyskland representerer Skandinavia nærast alt det som er godt: frisk luft og lekre møblar, likestilling, sosialstat og pasifisme. (I resten av verda står den erketyske Ö-en for det motsette, av di utanlandske rockeband som Motörhead og Mötley Crüe pleier skurke-imaget sitt med desse tødlane.)

Om ein måler velstand, hugnad og lykke, ligg nok dei nordiske landa øvst på lista. Det dansk-norske ordet *hygge* har til overmål fått ei nærast filosofisk tyding: Gjer som danskane, og det vil gå godt med deg. Så sterke merkevarer kan brukast på ulikt vis. Ein kan til dømes kopiere eit dansk produkt og gje det eit inntakande nordisk namn: Med strykefeitet *Sødergården* har Lidl apa etter *Kærgården*, merkesmøret til den danske meierisamanslutninga Arla.

Meir smålåte og tekkeleg er det når den tyske Ö-en beint fram vert bytt med den nordiske omlyden, slik som i teateret i *Köln*. Ordspellet til drikkevareforhandlaren Ølwechsel

er meir krevjande, sidan ein har innarbeidd det dansk-norske ordet *øl* i namnet. Og ideen om å klekke ut eit fantasinamn for ein dyr amerikansk iskrem verkar nesten genialt dumdristig: Namnet Häagen-Dazs ser typisk skandinavisk ut for ikkje-skandinavar og totalt uskandinavisk for skandinavar. I byrjinga reklamerte grunnleggjaren av Häagen-Dazs – ein polsk innvandrar i New York – for isen sin med eit kart over Danmark, for å vere på den sikre sida. Han visste nok ikkje at danskane ikkje har nokon Ä i alfabetet sitt.

Ø-en frå Skandinavia

Men tilbake til Ø-en. Kva er greia med dette særeigne teiknet? Svaret finn ein i språkhistoria, i kapittelet om skriftutvikling. Ø-en i det danske og norske alfabetet er enkelt og greitt den bokstaven som vert uttala på same vis som den tyske Ö-en. Svenskane har nemleg ingen Ø, men ein Ö og i tillegg ein Ä, akkurat som tyskarane. Den som ikkje trur det, kan jo setje seg i ein Ikea-sofa med namnet Söderhamn eller Färlöv.




Logoene til den tyske tekstilhandlaren Rusche og det danske energikonsernet Ørsted

«Øvst på lista over dei mest attrådde varene står Ø-en.»

Den som ville skrive eit germansk språk med det latinske alfabetet i mellomalderen, måtte på ein eller annan måte finne plass til dei germanske omlydane, som romarane ikkje kjende til. I staden skreiv både tyskarar og skandinavar ganske enkelt O og E (høvesvis A og E) tett saman. For å spare tid, pergament og blekk (knappe gode!) lét ein E-en på eit tidspunkt vandre over eller inn i O-en i forminska form. Og derifrå var ikkje vegen lang før ein la til to små prikkar eller ein skråstrek.

Kvifor valde tyskarar og svenskar prikkane og nordmenn og danskar streken? Svenskane har nok berre funne seg i den tyske innverkningen på dette punktet. Og for tyskarane har prikkane ein klår fordel. «Til forskjell frå dei skandinaviske språka nyttar tysken omlydane systematisk for å danne fleirtalsformer som *Hände, Söhne* og *Züge*», opplyser lingvisten Damaris Nübling frå Mainz. «I desse tilfella gjer bokstavane Ä, Ö og Ü det lett å sjå kva som er grunnforma: *Hand, Sohn* og *Zug*.» I det tyske alfabetet har difor ikkje omlydane status som fullverdige bokstavar; dei er heller bakmenn for A, O og U.

I Noreg og Danmark står spesialteikna Æ, Ø og Å heilt til slutt i alfabetet. Det er lett å skjønne kvifor akkurat Ø-en i denne trioen gjer karriere som eksportslager i Tyskland. For det fyrste kan ein ikkje uttale Ø-en feil; men tyskarar som lærer seg dansk eller norsk, slit ofte med nyansane når dei skal uttale Æ og Å. For det andre ser Ø-en elegant ut og innbyr til grafisk kreativitet. Eit døme: Det største danske energikonsernet, som nyleg endra namn



frå Dong (forkorting for *Dansk olje og naturgass*) til Ørsted (etter den berømte danske fysikaren), skriv den nye forbokstaven med ein kort, rett strek oppe i midten; det ser ut som ein «power»-knapp. For det tredje er den danske Ø-en i seg sjølv eit eige ord; det tyder ‘øy’ – og er poesi på mikronivå.

Den danske designaren Arne Jacobsen teikna i 1937 det som må kunne seiast å vere den vakraste Ø-en, i samband med utforminga av rådhuset i Aarhus. Bokstavane i Jacobsen-alfabetet er slanke og klåre og typisk nordiske; dei er vortne moderne klassikarar, som ein også kan kjøpe svarte og kvite versjonar av på tallerkar og koppar. Og det kan ha vore tilfeldig, men då eg for ei tid sidan vitja det største varehuset i København, var det nettopp koppen med Ø som var utseld.

Sebastian Balzter er redaktør i Frankfurter Allgemeine Zeitung. Språkrådet har omsett teksten frå tysk.

Vi fortel, og vi fortel om att

Kva er det vi gjer når vi omarbeider og lagar nye forteljingar? Og korleis set vi ord på det? Adaptasjon og remediering er evig aktuelt.

AV VILBORG S. HOVET

Jernvognen av Jason, alias John Arne Sæterøy, er ein teikneserieroman frå 2003 med same tittel som ein kriminalroman frå 1909 av Stein Riverton, alias Sven Elvestad. Handlinga går føre seg på Hvaler i eit realistisk miljø. Jason overfører romanen til teikneserie. Historia og miljøet er det same. Til og med spenningstoppane og mange av forteljarknepa er frå romanen. Den største skilnaden er at personane har dyreandlet. Detektiven er hunden som jaktar på haren.

Jason diktar altså ikkje sjølve forteljinga om, han har skapt ein frittstående, ny versjon. Teikneserien *Jernvognen* er ei overføring og ei omarbeiding av romanen. Vi kallar det ein *adaptasjon*.

Adaptasjon er ikkje noko nytt

Adaptasjon er ei kreativ handling med ein estetisk dimensjon. Kunsten er å gjenta utan å kopiere, å fortelje det same på ein ny måte. Kombinasjonen av attkjenning og variasjon appellerer sterkt til oss, meiner den kanadiske litteraturprofessoren Linda Hutcheon.

I levande kulturar er forteljinga ein populær sjanger, og omarbeiding av kjent stoff har alltid vore vanleg. Nye forteljarar tok over, og gammalt stoff vandra i tid og rom. Segner og helteforteljingar blei til viser og dikt, visene blei til danseviser, motiv på vevnader og dekorasjon på vegger og bruksgjenstandar, og deretter blei dei brukt att som tema og motiv i opera, musikal, drama, roman, tv-seriar, teikneserie og film. Med alle dei nye media og alt tilfanget vi no har frå heile verda, er

adaptasjon og remediering meir aktuelt enn nokon gong. Overføring av litteratur til film, tv og radio har fått mykje merksemd, og alt frå temaparkar og historiske spel til elektroniske plattformer gir plass for kjent stoff i nye versjonar i nye medium.

Ord for overføringa

Verbet *adaptare* kjem av latin *adaptare*, som tyder 'venje til, tilpasse (seg)'. Substantiva er *adaptasjon* og *adaptasjon*. Omgrepa blir brukte i fleire fag, til dømes i biologien, der det dreier seg om å overleve i eit nytt miljø.

I filologien kan det handle om tilpassing til eit nytt medium. Eit ord som er meir råkande i slike tilfelle, er *remediering*. Det bør truleg brukast der orda *overføring*, *tolking* og *omarbeiding* ikkje er presise eller dekkjande. *Remediering* er noko lettare å handtere enn ordet *transmediering*, som er brukt på engelsk (*transmediation*). Det er òg meir lettfatteleg enn *configuration*, som er brukt spesifikt om det å forme etter ein modell (jf. Svenn-Arve Myklebost i ein studie av Shakespeares drama utgitt i den japanske teikneseriestilen *manga*).

Ord for sjangeren

I engelsk finst uttrykket *graphic novel*, direkte omsett *grafisk roman*. Den amerikanske litteraturforskarer Hillary Chute meiner at *grafisk forteljing* er meir dekkande, ettersom det viktigaste som blir laga i denne sjangeren, ikkje er romanar, men memoarar, biografiar, historie og kunst. Vi kunne hatt bruk for begge omgrepa og fleire til, men den direkte omset-



Faksimile (Jason 2003), attgiving med løyve

jinga grafisk er ikkje god. Skrift er òg «grafisk». Før det norske omgrepet *grafisk roman* har festa seg i språket vårt, bør vi derfor finne meir presise uttrykk.

Ordet *bilde* er framleis det som dekker best, og som fungerer mest inkluderande som forledd i aktuelle samansettingar. Det gir *bildeforteljing* som eit overordna omgrep, og *bilderoman*, *bildenovelle*, *bildebiografi* osv. for nokre av undersjangrane. Vil vi presisere, kan vi byte ut prefikset *bilde-* og snakke om *teikna roman* eller *teikneserie-roman*, som til dømes *Jason* (2003).

Ord som *teikneserieforteljing* og *teikneserieroman* er sjølvforklarande og informative, og vi har bruk for mange ord med forleddet *teikneserie* for å dekke alt. Men til liks med det engelske *comics* kan dette ordet framleis ha ein negativ klang. Det kan vere grunnen til at *grafisk* har fått så lett innpass på dette området.

Kvaliteten i dei nye forteljingane

Dei fleste som skriv om adaptasjon i dag, meiner at vi skal sjå på originalen og adaptasjonen som likeverdige produkt. Vi skal sjølv sagt vurdere kvaliteten på og originaliteten i kvar ny attforteljing, men på premisane til det nye mediet.

Linda Hutcheon meiner at dei færreste forteljingar er heilt originale. Adaptasjon er norma, ikkje unntaket. Det er ei form for reproduksjon som kan samanliknast med formeiringa hos levande organismar.

Vi fortel, og vi fortel om att. For kvar gong endrar forteljinga seg litt. Likevel kjenner vi henne att. Historia om adaptasjon er sjølv evolusjonshistoria til forteljingane våre.

Dr.art. Vilborg S. Hovet har undervist i høgskulen og skrive boka *Kva er ei bok?* (Vidarforlaget 2018), med fleire døme på adaptasjon og remediering.

På kornet

Vi pløyer oss gjennom kornåkeren.

AV ERLEND LØNNUM

Den romerske jordbruksgudinnen Ceres har gitt opphav til ordet *cereal* 'kornsort', et ord du kanskje kjenner bedre fra engelsk, der det også kan bety 'frokostblanding', gjerne av *gryn*, som korn heter når det har blitt mat (men ikke malt til mel).

Som en sår

Ordene for korn og kornslagene hvete, bygg, havre og rug har vi fra gammelnorsk *korn*, *hveiti*, *bygg*, *hafri* og *rugr*. Vi finner alle fire i dansk (*hvede*, *byg*, *havre*, *rug*) og tre av fire i svensk (*vete*, *havre*, *råg*). Det gamle svenske *bjugg* har blitt til *korn*, om lag slik mais ble *corn* i amerikansk-engelsk på grunn av sin dominerende stilling.

Men hva er da *kornslag* på svensk? Jo, *sädesslag*. *Säd* er korn eller frø, som engelsk *seed*. Det har også tradisjon i dansk og norsk i form av *sæd*, og (med stum d) særnorsk *sæde/såd*. Nå har det en noe foreldet bibelsk klang i denne betydningen. For eksempel sa Forkynneren (11,6) så sent som i 1978-oversettelsen: «Så din sæd om morgenen, og la ikke hånden hvile mot kveld.» Nynorskbibelen hadde «ditt sæde». I den siste oversettelsen heter det «så-

korn», mens ordet *sæd* bare har overlevd i den overførte biologiske betydningen.

Hvete er beslektet med 'hvit' (tenk på mel), og havre kan ha betydd 'bukkefôr' (gammelnorsk *hafri* er 'bukk'). *Bygg* er i slekt med verbene *bygge* og *bo/bu* og har trolig betydd 'det som dyrkes'. *Rug* er det vanskeligere å si noe om.

Fra den vide verden

Ris kom sent inn i gammelnorsk som *rís* og må ikke forveksles med *riset* bak speilet og andre steder (av *hrís*). Den førstnevnte risen skriver seg språklig fra Asia og har vandret til oss gjennom Europa. På gresk ble det til *oryza*, som med stor O er det vitenskapelige navnet på planteslekten.

To tyske innslag finner vi i *spelt*, jamfør 'spalte', og *hirse*, av en rot med betydningen 'vokse'. *Durra* kommer fra arabisk og *mais* fra det karibiske språket taíno via spansk *maiz*.

I vårt pasta- og pizzaelskende land er hvetearten *durumhvete* særlig populær. *Durum* er latin for 'hard', så det heter også *hardhvete* på norsk.

Og da var sekken tømt for denne gang.



Når eit ord er ført opp i denne spalta, tyder det berre at vi har registrert at det er i bruk. Det tyder ikkje at Språkrådet går god for ordet.



Foto: Olav Olsen / NTB scampix

terrorpotte Forfatter Tor Bomann-Larsen er ikke begeistret for de nye terrorpottene i Karl Johans gate. [...] «Angstens paradegate», skriver Tor Bomann-Larsen om Karl Johan etter utplasseringen av «skulderhøye festningselementer, grotesk kamuflert som blomsterurner».

Aftenposten 21.11.2017

halal-harrytur Med Rwaida kom nye dufter ut av kjøkkenvinduene på Jar. Det ble spist hummus, shawarma, tabbouleh og baba ganoush [...]. Mohammed hadde førerkort og kjøpte seg bil. I den dro mor og sønn på halal-harrytur, og kom hjem med varer som gjorde hjemlengselen mindre.

Dagbladet 10.4.2018

krenkeshysteri og krenkomani De siste par ukene har Twitter og Facebook-feeden min vært overfylt av folk som har harselert med de lettkenka. Flere ganger har jeg sett uttrykk som «krenkomania» og «krenkeshysteriet» brukt på svært nedlatende vis. Det har blitt

skrevet spaltemeter for og imot krenkelser.

Drammens Tidende 4.11.2017

plogging De alltid så politisk korrekte svenskene står selvsagt bak den nyeste trenden på sosiale medier: plogging. Ordet er satt sammen av «plocka upp» og «jogging», og fenomenet går ut på at man på joggeturen sin plukker opp søppel mens man løper i det fri. Bra for helsa og bra for naturen.

Klassekampen 26.2.2018

robotspøkelse og robotskatt Det går eit spøkelse gjennom verda – robotspøkelset. [...] Sidan 1970-talet har arbeidarane i verda fått ein stadig mindre del av verdiskapinga. [...] Dette er ein del av bakgrunnen for at mange no snakkar om ein robotskatt. [...] Ein særskatt for robotar er uansett vanskeleg å utforme. Det er ikkje lett å definere kva maskiner som trugar menneskeleg sysselsetjing og difor skal skattleggjast.

Dag og Tid 10.3.2017



Foto: mikkelwilliam / iStockphoto

– **NOREG HAR I DAG** ikkje så mykje språkteknologi i det heile, og med tale- og tekstbiten står det ganske dårleg til, sa teknologidirektør Shahzad Rana i Microsoft Norge [på Språkdagen]. [...] Han peikte på at talestyrte hjelpemiddel blir meir og meir utbreidd, og at vi snart kan styra mykje av elektronikken i heimen berre ved å snakka til digitale duppedittar. For å sikra at folk i framtida kan kommunisera med slike hjelpemiddel på norsk, meinte han det er viktig å setja språkteknologi inn ein større samanheng og få til eit breitt samarbeid mellom ulike departement, forskingsmiljø og andre aktørar.

Shahzad Rana, til Nynorsk Pressekontor

– **DET ER UTROLIG** mange tabuord som ennå ikkje har sett ordbøkenes lys. Big Brother-korpuset er en søkbar database med alle ordene som ble sagt under den første sesongen av realityshowet Big Brother i 2001. På samme tid begynner banneordet fuck å etablere seg i norsk språk. Dagens fuck har vi lånt fra engelsk, men det var faktisk vikingene som brukte ordet over Nordsjøen i sin tid.

professor Ruth Vatvedt Fjeld, intervju i Morgenbladet

– **NORSK ARBEIDSLIV** tener ikkje på at studentane har språklege handikap når dei kjem ut i jobb. Difor må utdanningsinstitusjonane ta samfunnsoppdraget sitt på alvor og sikre vidareutvikling og formidling av norsk fagspråk. [...] Globalt samarbeid er viktig, men vi veit at ni av ti studentar skal ut i ein norsk arbeidsmarknad. Då må dei kunne snakke om faget sitt på norsk. Vi veit dessutan at arbeidslivet spør etter kompetanse i norsk språk.

språkdirektør Åse Wetås, til Nynorsk Pressekontor

– **DET ER LURT AT** ein ikkje importerer utanlandske ord unødvendig og ikkje f.eks. brukar engelsk berre for å bruke engelsk. Eg har større sans for namnet som er brukt på arrangementet når Kristiansunds seilforening arrangerer «Nordenfjeldske seileruke» enn når Molde seilforening arrangerer «Molde Race Week». Eg har større sans for påskrifta «rett i koppen» på ei pakke med instant soup enn påskrifta «boil-in-bag» på ei pakke med ris i kokeposar.

pensjonert lektor Arnfinn Hovde, i Romsdals Budstikke

Har du eit spørsmål, kan du sende ein e-post til sporsmal@sprakradet.no.

Spørsmål: I reklamen hører man stadig om all den dataen man kan overføre til «neste månte», og i bankreklamene får man vite at man sparer mer penger i «månten» enn man gjør i andre banker. Hvordan kom dette inn i språket, og er det virkelig godkjent bokmål?

Svar: Det er ikke korrekt etter rettskrivningen, og /månte/ kan vanskelig kalles en uttaleform av *måned*. Men vi må nok godta at det er blitt hetende *månte* i noen dialekter.

Kanskje har *månte* oppstått på denne måten: Først ble flere *måneder* til flere *mån-*der og flere *månter*. På grunnlag av *månter* – *måntene* dannet det seg en ny entallsform: en *månte* – *månten*.

På bygdene har måned mange steder blitt bøydd akkurat som ordet for himmellegemet: ein *måne* – fleire *måna(r)*. Andre steder har avledningen *månad* vært bevart (fra gammelnorsk *mánaðr*), stort sett med stum d (ein *måna* – fleire *måna(ellr)*).

Veien til /månte/ åpnet seg allerede da den gamle ð-en (uttalt som *th* i engelsk *the*) i sin tid ble herdet til d (og senere t) i dansk-norsk i stedet for å falle bort som i norske bygdemål.

Spørsmål: Tyder *omgrep* og *uttrykk* det same?

Svar: Nei. *Omgrep* (bokmål *begrep*) tyder 'førestilling eller idé (om nokol)', medan den språklege forma dette har, blir kalla *uttrykk*. Eit ord har altså ei innhaldsside (omgrepet) og ei uttrykksside (i form av lydar eller bokstavar).

Synonym (ulike ord med lik eller liknande tyding) er altså ulike uttrykk for om lag det same omgrepsinnhaldet. Slik er det òg

med ord for det same (ekvivalentar) i ulike språk.

Mange brukar *omgrep* som eit finare ord for *ord*. Det er ikkje nødvendig, og i språkvitenskapleg samanheng er det uehdig.

Det er òg vanleg å skilje mellom (enkelt)-ord på den eine sida og *uttrykk* på den andre (jf. *ord* og *uttrykk*). *Uttrykk* blir da det same som eit fleirordsuttrykk (*fleirordseining*, *ord-samband*, *frase*).

Spørsmål: Det har lenge hett *gutta boys*, men i det siste har jeg stadig oftere hørt om *jenta girls*. Kan man si det?

Svar: Man kan ikke hindre noen i å si det, men uttrykket er et brudd med all tradisjonell grammatikk.

I østlandsmål (blant annet tradisjonelt oslomål) er dette det vanlige bøyningsmønsteret for hankjønnord og hunkjønnord:

en gutt – gutten – flere gutter – alle gutta
e(i) jente – jenta – flere jenter – alle jentene

Det var nesten ikke til å unngå at *jenta girls* oppstod som parallell til *gutta boys*, for det mer korrekte *jentene girls* har dårlig klangbunn rent lydlig.

Spørsmål: Stadig oftere leser jeg om folk som *lener seg på* alt fra tro, kunnskap og argumenter til Gud og hvermann. I en reklame står det at «Ordnett lener seg på kunnskap og dyktige fagpersoner». Jeg har ikke vært klar over at dette uttrykket er en del av morsmålet mitt. Hvor kommer det fra?

Svar: Det har vært brukt sporadisk lenge, men den økende utbredelsen de siste ti-

årene skyldes nok engelsk *lean on* (*lean on others, lean on advice* osv.).

På norsk heter det tradisjonelt å *støtte seg til/på* eller på nynorsk å *stø seg til/på* (konkret også *mot*). Et eksempel kan være «å støtte seg til fagfolk». Man kan også *ty* eller *trøste seg til* noe(n) eller sette sin *lit til* det/dem. Før ville man kanskje til og med sagt at Ordnett er *bygd på* kunnskap, for selv om det er et litt sterkere uttrykk, er det neppe en overdri-velse.

Vi har alltid *lent oss på* norsk også, men mest mot eller til konkrete ting, og da helst for å hvile eller få avlastning, ikke for å få støtte til arbeid, angrep eller noe annet aktivt.

Spørsmål: Eg lurar på om ein skriv ordet *talk show* i to ord som på engelsk, eller om det er såpass fornorska at ein skriv det i eitt? Finst det forresten eit norsk ord for fenomenet?

Svar: *Talkshow* er teke inn i fleire norske ord-bøker i denne forma, altså skrive i eitt.

På Språkrådet si liste «På godt norsk» står det eit forslag til norsk avløyser: *prateprogram*. Det er dessverre dobbelt så langt som det engelske, men til vederlag nokså lett å uttale, presist og med bokstavrim. Det har slått bra gjennom.

Eit anna ord for denne typen tv-program er *chat show* (britisk-engelsk). Ein vidare kate-gori er *samtaleprogram* (frå kring 1950).



Fredrik Skavlan har eit eige prateprogram/talkshow. Foto: Monkberry AS

Om Språkrådet

Språkrådet arbeider for å styrkje det norske språket og språk-mangfaldet i landet. Språkrådet er statens fagorgan i språk-spørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet.

Dette gjer Språkrådet

- Språkrådet samarbeider med offentlege og private aktørar om språkpolitiske tiltak, mellom anna om klarspråk i det offentlege og i næringslivet; fagspråk, terminologi og formidling på norsk; fordeling av nynorsk og bokmål i staten og norskspråkleg teknologi. Vi arbeider for at språkopplæringa skal byggje på språkpolitikken. Vi fører tilsyn med mållova og gjev råd om stadnamn.
- Språkrådet gjev råd og formidlar kunnskap om språk, språkbruk og språkarbeid. Rådgevinga på nett, nettorbøker, kurs, seminar og publikasjonar er viktige verkty i dette arbeidet. Vi forvaltar rettskrivinga i nynorsk og bokmål og følgjer med på korleis språket utviklar seg. Vi godkjenner norske ordbøker og ordlister til bruk i skulen.
- Språkrådet fremjar norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes og samarbeider med språkbrukargruppene. Vi samarbeider med språkinstitusjonar i andre land, mellom anna om å sikre nabospråkforståing i Norden.
- Språkrådet deler ut Språkprisen for framifrå bruk av norsk i sakprosa og andre prisar og stipend. Vi arrangerer den årlege Språkdagen for å setje søkelys på språk og språkbruk i samfunnet.

Hovudmåla for arbeidet til Språkrådet

- Styrkje statusen til norsk språk og bruken på utsette samfunnsområde
- Fremje norsk som eit godt fungerande kultur- og bruksspråk
- Ta vare på det språklege mangfaldet og interessa til språkbrukarane

Direktøren leier sekretariatet i Språkrådet, som mellom anna har tre språkfaglege seksjonar. Styret i Språkrådet er utnemnt av Kulturdepartementet. Språkrådet har tre fagråd med språkkunne og språkengasjerte personar frå heile samfunnet.

www.spraakradet.no
facebook.com/Sprakradet.NO
twitter.com/sprakradet

Språkrådet

Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50

ANSVARLEG REDAKTØR:
Åse Wetås

KOMMUNIKASJONSSJEF:
Anne Kirkhusmo

REDAKTØR:
Erlend Lønnum
erlend.lonnum@spraakradet.no

JOURNALISTAR:
Astrid Marie Grov
astrid.marie.grov@spraakradet.no

Lars Ivar Nordal
lars.ivar.nordal@spraakradet.no

ABONNEMENT OG
ADRESSEENDRING:
bestilling@spraakradet.no

Signerte artiklar frå
eksterne skribentar står
for forfattaren sitt syn.

Ettertrykk tillate når
kjelda er oppgitt.

OPPLAG: 10 800



Tekstene i dette nummeret
finst òg på Internett:
www.spraakradet.no/spraknytt

Fire nummer i året
Redaksjonen avslutta
20.4.2018

LAYOUT: Beate Syversen
beate@b-7.no
TRYKK: Zoom Grafisk

ISSN 0333-3825

Framsidediillustrasjon:
Foto: Milkos / iStockphoto



Returadresse:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO



De fem første

Mosebøkene har mer eller mindre fargerike navn på ulike tungemål.

AV ERLEND LØNNUM

Ifølge jødisk og kristen tradisjon er mosebøkene skrevet av profeten Moses. De utgjør de fem første bøkene i Det gamle testamentet i kristendommen. De kalles også *Pentatevken* (gresk for 'de fem rullene'). Mosebøkene utgjør også den første av tre deler av den hebraiske bibelen *Tanakh* i jødedommen. Denne delen heter *Toraen* (hebraisk for 'lære').

På hebraisk har mosebøkene navn etter innledningsordene: *Beresjit* (I begynnelsen), *Sjemot* (Navnene), *Vayikra* (Og Herren kalte), *Bamidbar* (I ørkenen) og *Devarim* (Ordene).

På gresk fikk mosebøkene beskrivende navn, og de latinske navnene er basert på de greske. De latinske navnene med norsk forklaring er *Genesis* (Opphavsboken), *Exodus* (Utvandringsboken), *Leviticus* (Levittenes bok), *Numeri* (Oppregningsboken) og *Deuteronomium* (Den annen lovbok).

De engelske navnene har ikke trillet langt fra stammen. Hele forskjellen ligger i *Numbers* og *Deuteronomy*.

På norsk, som på tysk, har mosebøkene knusktørre numeriske navn: første mosebok, andre mosebok og så videre. *Mose-* i sammensetning har vært uttalt både med enstavings-tonelag, som i *Moses*, og tostavings-tonelag, som i plantenavnet *mose*. Uttalen er altså ikke hogd i stein.